



Nr 2 | 2021 | 72. årgang



*Vi ønskjer alle våre lesarar  
ei velsigna jul!*

# Ei kroppsleg jul

Det vart ei underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli godt mottatt.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det

same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så la oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn) frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko



menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

*Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin*



## Jul på sjømannskyrkja

Jula er ei spesiell tid for dei fleste. Ho kallar fram minner, kjensler og stemmingar som kanskje ikkje er like sterke til vanleg. Også på sjømannskyrkjene er jula ei viktig høgtid. Erfaringa mi er frå Lanzarote og Gran Canaria for nokre år sidan.

Noko av det typiske med jula på sjømannskyrkja er at det gjerne er ei litt anna gruppe som samlast då enn elles. I desse Sydenkyrkjene er det ein ganske stor kontingent med pensjonistar som bur der heile hausten og vinteren. Mange av desse dreg heim til jul. I staden for kjem det mange som berre feirar jul og nyttår i Syden. Dei er ikkje så opptekne av julefeiring generelt. Ein del av desse har heilt medvite reist til varmare strøk for å reise ifrå den tradisjonelle jula heime. Det finst ein del menneske som



ikkje syns jula er den beste tida på året. Nokre har nyleg opplevd samlivsbrot eller andre ting som gjer at ei annleis jul er å føretrekkje. Andre er på julebesøk hos foreldre eller andre familiemedlemmer som bur meir eller mindre fast på Kanariøyane. Og andre igjen tek barna med seg for å oppleve sol og varme fordi det er då

dei har fri og anledning til det.

Men på tross av at mange ikkje er så opptekne av julefeiring, er det eitt viktig unntak, nemleg julaftan. Den dagen er det mange som set stor pris på å samlast ein stad til fellesskap med norske juletradisjonar.

På Gran Canaria blir den katolske kyrja som vi får låne, fylt til randa på to gudstenester. Til



## Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

**Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller  
VIPPS valgfritt beløp til 13130**



saman kan det vere 1100 menneske på julaftansgudstene. Etterpå er det tradisjonell julefeiring på Sjømannskyrkja med julesangar, juleevangeliet, og deilig julebakst. Nokre stader serverer kyrkjene full julemiddag, då med påmelding. I mi tid på Kanariøyane begrensa vi det til kaffe og kaker, men då ope for alle og einkvar.

Eitt av mine sterkeste og beste minner frå julekvelden var då vi til slutt gjekk rundt juletreet ute under stjernehimmelen. Det var gjerne så fullt av folk at det var ikkje råd å få plass rundt treet inne. Desto meir stemningsfullt og høgtideleg var det å ta kvarandre i hendene og synge julesangane under stjernene.

For dei som er interesserte i den lokale julefeiringa i det kanariske samfunnet er det mykje fint å sjå og oppleve. To ting kan nemnast:

1. Julekrybbene. Mange kyrkjer/kirkjelydar og byar/landsbyar lagar fantastiske julekrybber. Ofte er det ei blanding av kanarisk kultur og miljø, og den bibelske forteljinga. I mange hove er det nærmast ein konkurranse om å ha den finaste julekrybba. Ei av dei mest storlåtte finn ein i landsbyen Yaiza på Lanzarote. Ein pensjonert kommuneingeniør har i mange år vore primus motor med kommunal støtte. Grunnarbeidet blir gjort med gravemaskin og heile øya blir laga i miniatyr. Midt inne i dette blir juleevangeliet plassert. Ei anna spesiell julekrybbe er på den store Canteras-stranda i Las Palmas. Ein kan vandre inne i julekrybba og alt er laga av sand. NB! Bilete «Julekrybba Canterasstranda i Las Palmas» inn her

2. Julespela. Eitt av julespela



blir arrangert om kvelden 1. juledag i landsbyen Veneguera på Gran Canaria. Får du nokon gong anledningen, så få med deg det. Det startar med ei familiegudsteneste i den katolske kyrkja. Det sist fødde barnet i landsbyen er Jesusbarnet og forældra er Josef og Maria. Dei sit framme i kyrkja. Etter gudstenesta blir Maria og barnet henta med esel og ført gjennom landsbyen til eit kulturelt visningsområde for kanarisk kultur. Der

er også stallen og dyra der den heilage familien tek plass. Så vandrar alle deltagarane som kjem i store mengder gjennom heile området og får demonstrert kanarisk handverk, og så passerer dei også stallen med Jesusbarnet. Ei uforgløymeleg oppleving i den mørke vinterkvelden. Som lesarane sikkert forstår så er jul i Syden og på Sjømannskyrja ei annleis oppleving, men på mange måtar ei berikande oppleving.

kb

## Kyrkje- og misjonsdag på Alværa laurdag 15. januar kl. 10-16

Det er ei glede igjen å kunne invitere til inspirasjonssamling for kirkjelydane i området. Det har vore ein fin tradisjon å møtast på nyåret og dele erfaring og ta opp viktige tema.

«**Etter korona – Norge i verda**» er ei aktuell overskrift denne dagen. NMS har eit globalt perspektiv, og vi reknar med å få viktige innspel frå ein av misjonærane som no er i Norge. Vi vil også samtale om desse emna: Tilbake til gudstestefellesskapet. Kva for andre samlingar/fellesskap har vi? Verdien av småfellesskap. Kva har vore positivt i koronatida? Klimautfordringane.

Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt eller berre lytte og ta imot. Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda. Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste. Om ettermiddagen kan ein delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område.

På grunn av middagen er det påmelding til Alværa, tlf. 489 90 661. Alle er hjarteleg velkomne!

Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn

# Trusopplæring:



Hausstakkefest 26.09.  
Utdeling av mi kyrkjebok 4.



14.11. Familiegudsteneste.  
Utdeling av mi kyrkjebok 6.

## Vinter/vår 2022



### Tårnagenthelg

**29.-30. januar** er det tårnagenthelg for dei som går i 3.- og 4. klasse. Laurdag er det tårnagentdag i Øn kyrkje frå kl. 15.00 til 19.00. Søndag er det tårnagentgudsteneste i Hyllestad kyrkje kl. 11.00. Invitasjon kjem i posten.

## Minikonfirmant

2022 er i år eit tilbod både til 4. og 5. klasse. På tårnagentgudstenesta søndag 30. januar kl. 11.00, vert minikonfirmantane presenterte. På gudstenesta vil dei også få bibel. I tillegg vert det 4 samlingar rett etter skuletid og til kl. 16.00 desse torsdagane: **3. februar, 17. februar, 3. mars og 10. mars**.

25.-27. mars vert det minikonfirmantweekend på Alværa. Då kjem det også minikonfirmantar frå Balestrand, Gulen og kanskje Høyanger. Dato for minikonfirmantgudsteneste med diplomutdeling er ikkje bestemt enda. Dei som går i 4.- og 5. klasse vil få invitasjon i posten.

Mini-konfirmantdag våren 2021.  
For dei som var minikonfirmantar vinteren 2021, vart minikonfirmantoppelget litt annleis enn planlagt. Mini konfirmant-

weekenden der dei skulle få vere saman med minikonfirmantar frå andre stader i Ytre Sogn, måtte avlystast.

I staden vart dei invitert til minikonfirmantlaurdag på Alværa. Der fekk dei bli kjent med Elisabeth Sowerby Dale som er frå Hyllestad, men som no jobbar i NMSU og ein del av jobben hennar er å lage leir og invitere til barneleirar/NMSU-konfirmantleirar på Alværa. Det vart ein minileir med tema påske – og påskevandring og påskemåling. Som det alltid er på leir, var det eit misjonstivoli der ein samlar inn pengar til eit misjonsprosjekt. Denne gongen gjekk pengane til Hyllestad kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Mali.


### Myldresamlingar

er først og fremst for dei som vert 3 år i 2022 og eldre, men yngre søsken er også velkomne. Først vert det ei samlingsstund på ca. 30 min med bibelforteljing, song og lystenning. Deretter kan dei som vil, vere igjen for å ete kvelds.

Myldresamlinga vert frå **kl. 17.15** følgjande onsdagar:

**19. januar, 16. februar, 16. mars**

Følg med på Kyrkja i Hyllestad si facebook-side.



## Her er konfirmantane 2021-2022



Bak frå venstre: Aslak Holen Dale, Sigve Dale, Eirik Dale Salbu, Adrian Forthun Lekva, Gabriel Ølmheim Ulvik. Framme frå venstre: Karl Hjelmeland, Vanessa-Yasuri Fernandez, Kamilla Nydal Espeland, Mari Ness, Hedda Sophie Lavik Wilson, Toril Lange.

## Sangkvelden 21. november

«Flott sangkveld i kyrkja i gårkveld Kjekt å vere der!» Det var ei melding som tikka inn på fb-sida mi 22. november, og fleire «heiv» seg på: «Ja, gjerne fleire slike!»

Ja, det vart ein fin kveld det tidlegare organist i Gaular Kjell Ivar Aase, hadde ansvaret. Det var den gode kombinasjonen med musikk: flygel (Kjell Ivar Aase), saxofon, fløyte og gitar (Trygve Hellesen), bassgitar (Nils Arve Styve) og sang (Moreld og solistane Aina Beate Haveland, Jostein Ryland og Kjell Olav Høstaker Nordheim (prest i Askvoll).

Imellom sangavdelingane var det innleiing til forskjellige tema ved tidlegare rektor på Solvang Leon Haugsbø. Det kunne vere



tema som «Nåde», «kall og etterfølging» m.fl. Så fekk vi alle vere med på allsangen innimellom. Det gjorde og at kvelden vart ekstra fin. Gamle, kjære sangskattar og

nyskrevne salmar og sangar; ein kombinasjon av dette. «Meir av dette!». Ja, kvifor ikkje?

A.S.



## Kyrkjelydsbasar Hyllestad 31.10. 2021

Hyllestad kyrkje var fullsett, med litt over 100 personar sessa kring småbord, denne dagen. Vanen tru, var det ein kort andakt til opning før ein gjekk over til rein basar. Songgruppa Moreld gledde oss med flott song. Jostein Ryland hadde ein solid gjennomgang av alt barne og ungdomsarbeidet som er i kyrkja i Hyllestad, jammen er der mykje aktivitet! Inntekta frå basaren går til å driva nett dette arbeidet. Flott at dette vart sett ord på og på ein måte som engasjerer.

Etter kvart som åresalet kom i gong, vart det eit yrande liv med god drøs kring borda. Mange flotte vinstar. Det heile vart toppa med auksjon av handstrikkta plagg/vottar/sokkar mm. Hadde aldri trudd

at auksjon kunne vera so underhaldande, men Jostein Ryland som auksjonarius....., det er underhaldning det! Flott levert, gav ei fantastisk god stemning.

Takk til soknerådet og ei ekstra takk til basarnemnda; Anny Dale Fureli, Magnhild Hofland, Kirsten Gravdal Ryland, Åshild Akse, Reidun Skår og soknerådsleiar Linda Ølmheim, for flott tilrettelegging og ein formidabel innsats. Takk og til konfirmantane som tradisjonen tru, er sterkt medverkande under heile basaren! Flotte og nyttige vinstar og god kaffimat. Totalt kom det inn heile kr 80.700 på basaren. Dette er ny rekord!

# Base camp i Hyllestad 8.-10. oktober

Base Camp vart i haust arrangert i Hyllestad for 6-gang, etter ein «Korona pause» då vi ikkje fekk gjennomført arrangementet i fjor. I år var det ungdommen som stod for all planlegging av møter og aktivitetar, samt promotering av Base Camp. Vi «vaksne» var med og organiserte lån/leige av skule, Hyllestadhall og Kvernsteinspark, og stod for innkjøp og tillaging av mat.

Om det var utstrakt bruk av «moderne» annonsering, via Instagram, Facebook m.m. som gjorde utslaget, eller om dette var eit lenge etterlengta arrangement etter lang Korona isolasjon, skal vere usagt, sannsynlegvis ein god kombinasjon, men uansett vart det strålende ny rekord i påmeldte til årets base Camp. Nesten 90 ungdommar var påmeldt og møtte opp i Hyllestad denne helga, og på alle møter i kyrkja denne helga så var vi i snitt ca. 110 frammøtte, noko som vi er svært godt fornøgd med.

Tema for helga var: **FRIHET** Hovudpunkt i arrangementet for helga 2021 var:

- Samling med møte og lovsong i Hyllestad kyrkje fredag kveld (ope for alle)
- Føremiddagsmøte i kyrkja laurdag
- Seminar med spørsmål og svar
- Aktivitsdag i kvernsteinsparken og i Hyllestadhallen
- Kveldssamling i Hyllestad kyrkje m. møte, lovsong og underhaldning
- Gudsteneste i Hyllestad kyrkja sundag (ope for alle)

Base Camp i Hyllestad opplever vi som eit viktig arr. og også i år var vi svært glad for å notere ein god lokal gjeng

med Hyllestad ungdommar som deltok denne helga. Særleg gledeleg var det at ei rekke ungdommar frå Gulen tok turen, i lag med deira prest Per Børge Hillestad.

Dette gjev alle som er med å arrangerer ny energi og vilje til å planlegge for nytt arr. til hausten 2022, så det er berre å sette av første helga i haustferien alt no.

I år hadde ungdommen fått ingen ringare enn Mike Pilavachi til å ta turen frå England, som hovudtalar på Base Camp. Han står bak organisasjonen Soul Survivor som har sitt utspring frå den engelske kyrkja i Watford, og det var tydleg at han hadde god kjemi med ungdommen, og det var ei stor oppleveling å få høre han snakke om «Friheit» i Hyllestad denne helga.

(Her er ein link til deira arbeid i Watford m.m. <https://www.soulsurvivorwatford.co.uk/>)

Ynskjer her å rette stor takk til skulen v. rektor, og til Kvernsteinsenteret for at vi nok ein gong får låne, og bruke, lokalar og område, til gjennomføring av ulike aktivitetar, og til overnatting og servering av mat m.m. Utan dette hadde nok ikkje gjennomføringa vore mogleg, eller blitt ein like stor suksess. «Betinga» tilbake får vi tru er at det kjem så mange flotte ungdommar til Hyllestad som får ei svært positiv oppleveling av staden, og at vår lokale ungdommar kan vere stolte for det vi her i Hyllestad kan bidra med og få til.

Og ikkje minst må vi takke alle som stiller opp med mat, hjelper til under arrangement, og stiller opp som nattevakter og med tilrigging og nedrigging av utstyr, anten dei er



tilreisande eller frå Hyllestad, utan dykk hadde dette ikkje gått an å arrangere på ein slik god måte som Base Camp i Hyllestad er blitt.

Men den største takken går til våre fantastiske «vaksne» ungdommar, med leiar Mari Dale Salbu i spissen, for deira store innsats, og for deira positive entusiasme og glede, anten dei er oppvaksne i Hyllestad, Askøy, Bergen eller andre stader.

Vi opplever at Base Camp i Hyllestad er noko mange ungdommar gler seg til kvart år, og mange reiser også lang veg for å kunne delta her år etter år. For våre lokale ungdommar trur vi det er svært



viktig å få oppleve at andre ungdommar frå våre nabo kommunar, og frå Bergen, Askøy, Arna, Lindås, Haugesund



m.fl. kjem til Hyllestad, får ei positiv oppleveling som dei deler i lag, og der nye vennskapsband vert knytt.



Takk for Base Camp 2021 og vel møtt til Base Camp nr. 7 i rekka neste haust 2022.  
Jostein og Kirsten Ryland

# Sjømannskyrkja - Norsk kyrkje i utlandet

- Sjølvstendig og frivillig organisasjon for nordmenn i utlandet
- Gir omsorg, tryggleik og fellesskap til nordmenn i utlandet
- 28 kyrkjer over hele verda
- Meir enn 20 omreisende medarbeidrarar med heile verda som nedslagsfelt
- Er til for alle nordmenn - uansett livssyn og bakgrunn.

## Diakoni og pandemi

– Vi må ikke gjøre det så innviklet å være et medmenneske, mener Hanne Marie Engdal som jobber som diakon ved Sjømannskirken på Gran Canaria.

Å være diakon under en pandemi har endret arbeidshverdagen til Hanne Marie Engdal.

– Men enten jeg møter én eller ti, er det jo selve møtet som er viktig. Jeg får bedre tid til å være sammen med dem som trenger støtte og hjelp. Det oppleves veldig godt oppi alt.

– Diakon og diakoni er fortsatt fremmedord for mange?

– Diakoni defineres ofte som kirkens omsorgstjeneste. Det handler om å møte alle mennesker der de er i livet, med neste kjærlighet, respekt og likeverd.

– Så diakoni handler ikke om at de sterke skal hjelpe de svake?

– Nei. Det er en feiltolkning å tenke at jeg som diakon alltid er den sterke og tøffe som takler alt. Noen ganger trenger vi alle råd og veiledning, andre ganger trenger noen av oss mat, klær, en klem eller hjelp til å prøve å få livet inn på et godt spor.

## Utfordrende sosialsaker

Før Hanne Marie Engdal flyttet til Gran Canaria i fjor, jobbet

hun 15 år som diakon i Norge.

– Er det stor forskjell på være diakon i Spania sammenlignet med Norge?

– Ja, egentlig. I Norge er det et helt opplegg for alle eventualiteter av det mennesker sliter med. Det finnes selvagt et spansk helsevesen her, men ting blir ofte mye mer komplisert når man er i utlandet, med andre regler og ulike rettigheter. Språkbarriieren er også et hinder for mange til å kunne nyttiggjøre seg av de lokale hjelpetiltakene.

– Er det noe som er likt?

– Folk trenger jo den samme omsorgen uansett hvor de er i verden. Det folk sliter med hjemme, sliter folk med her også. Det er sorg, rus, ensomhet, sykdom og utenforskap.

– Hvilke saker er mest krevende?

– Vi blir involvert i mange såkalte sosialsaker som er utfordrende. De tyngste og mest komplekse sakene har sammenheng med rus, psykiatri og omsorgssvikt. Men barn, små barn, som opplever omsorgssvikt i et fremmed land, gjør spesielt inntrykk på meg. Det er ille i Norge også, men her har de ofte ikke noe nettverk, bortsett fra Sjømannskirken. Det er tøft, sier hun og legger til at Sjømannskirken har kompetanse på å møte mennesker i vanskelige livssituasjoner, i sjælesorg og sorgarbeid. I tillegg til et godt samarbeid med andre hjelpeinstanser.

## Hjemløse nordmenn

– Hender det at du må ut og lete etter nordmenn?

– Det skjer innimellom, men det er viktig for meg å respektere menneskets frie



vilje. Jeg møter nordmenn som har valgt å leve som hjemløse her. Noen av dem har vokst opp med rus og overgrep, og mangel på at noen har tatt tak i livene deres som små. Deres handlingsmønstre og referanserammer for hva som er et bra liv er så veldig annerledes enn mitt. Det

kan tilsynelatende virke enkelt å være utelegger her. De slipper å fryse og de mottar mat fra ulike steder. Hvem er jeg da som skal si at de ikke kan leve det livet de lever? Men det er klart at når de mister bankkortet, når trygden ikke

kommer, eller når de blir syke, da blir det fryktelig komplisert å være hjemlös og norsk på Gran Canaria.

– Hva gjør du da?

– Jeg prøver å sette dem i stand til å ikke bare være hjelpetrengende, men å handle selv. Til å ta ansvar og myndighet over eget liv. Ofte skulle jeg ønske at jeg kunne ta valgene for dem, sette dem på et fly og få dem inn i et system hjemme i Norge. Men jeg kan ikke frata voksne mennesker de valgmulighetene de har. Så sant de ikke er så dårlige at de er ute av stand til å ta det valget

selv. Jeg prøver å være sammen med dem og støtte dem i en vanskelig situasjon.

## Vær et medmenneske

– Hva er ditt beste tips til hvordan vi kan leve litt mer, hva skal jeg si, diakonalt i hverdagen?

– Ikke sett deg selv i sentrum og prøv å se ting ut fra perspektivet til det mennesket du treffer.

– Det er kanskje lettere sagt enn gjort?

– Nei da. Vi må ikke gjøre det så innviklet å være et medmenneske. Forskning viser at noe av det viktigste for oss

mennesker er å bli sett og hørt. Ingen av oss er perfekte, vi har alle våre feil og mangler, men vi kan likevel være der for hverandre og skape gode fellesskap. Du kan jo sjeldent gjøre noe galt hvis du gir noen et smil, en klapp på skulderen eller ringer og spør «Hvordan har du det?»

Tekst Inge Mørland  
Foto Mette Brandt

Reportasjen er en forkortet versjon av en reportasje som stod i Sjømannskirkens magasin HJEM nr. 1/21

# Konfirmerete



Grunna koronapandemien, vart konfirmasjonane i år lagt til siste helga i august og fyrste helga i september. Båe helgene i strålende solskin.

## Øn kyrkje

**29. august:**

Frå v: sokneprest Audun Systad, Henrik André Halnes Nødset, Jarle Tonning Hatløy, Vilde Nordbø, Mailen Hatlem Engdal. Foto: Karin Tonning Hatløy



## Hyllestad kyrkje

**4. september:**

Frå v: medleiar Linda Ølmheim, Synne Avedal, Adrian Avedal Skaar, Emma Eimind-Thorsnes, Linnea Avedal Hovland og sokneprest Audun Systad. Foto: Mal Dickson



## 50-årskonfirmantar samla i Hyllestad kyrkje, 19. september



Frå v: Aud Hostaker Olsen, Berit Karin Uglum Løland, Åse-Helene Bøe Haugen, Leif Eide, Bjørg Norheim, Atle Wolff, Audun Systad, Atle Inderøy, Anne Kjersti Nesje Daltveit, Gunnar Rønneseth, Hanne Grethe Brendehaug, Hildur Akse, Britt Nordbø Aven og Margunn Dagny Åsmul Sæther. Foto: Eva-Karin Nordal Inderøy.

I kyrkjebladet for sommaren skrev medleiar Linda fint om kva vi gjorde på i dette «annleis-året». Applaus til henne for flott medverknad på fritida si!

Det vi no i tillegg kan nemne er at samtalegudstenesta vart vel gjennomført 30. mai, med flott sang av konfirmantgruppa, flygel ved Emma, drama om «Sonen som kom heim», mitt bibelvers, bøner og lesingar. Ein fin kveld med familiene og

nokre frå kyrkjelyden tilstades. Gruppa Moreld var med og song.

Så vart det ein lang sommarferie, før ein igjen møttest torsdag 19. august. Då vart det avslutningssamling i Sørbøvåg, med grilling ved naustet til Audun og Kari, det var sporleik borte ved friområdet, ei fin økt med volleyball. Denne dagen låg og oppdrettssåten «Seafood» ved kaien i Sørbøvåg. Ei kjekk

omvising fekk ein der. Nokon prøvde også bading, det var vel Henrik som var lengst uti.

Den siste veka i august var det øving til sjølve konfirmantdagen. Konfirmasjonsdagane, søndag 29. august i Øn, og lørdag 4. september i Hyllestad vart strålende dagar!. Det var skikkeleg kjekt for dei som vart konfirmerete annleisåret 2020/21!

# Konfirmantåret 2020/2021 i mål!



## La Grace få fylle fem år

**Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho bar fått namnet Grace, for ho er både ei gave og ein nåde, fortel den stolte mora.**

**Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gammal. Omfamna av morskjærleik og nærliek etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.**

Av Anette Torjusen  
Foto: Håvard Bjelland

Inst i kroken på fødeavdelinga hører vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått

sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

### Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsecenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som dør før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og

tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg

og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapkontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykkel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødinger etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Hilal Wasil er jordfar på fødeavdelinga ved helsecenteret som Kirkens Nødhjelp har bygd. Her sjekkar han at alt står bra til med Grace etter fødselen nokre timer tidlegare.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane.

Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle

familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står

for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødde i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi bygge fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

**SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:**  
Vipps eit valfritt beløp til 2426.  
- Send GAVE på sms til 2426  
og gje 250,- kroner.  
Gåvekonto: 1594.22.87248



# Flott kveld med Farmen-presten Thor og Samanteamet på Alværa

«Ein kjekk kveld», sa ein av Hyllestad-konfirmantane etter den vel 3-timars samlinga på Alværa 19.oktober.

«Har du nokon gong tenkt over kor du høyrer heime? Kan kyrkjå vera ein heim? Finst det gode grunnar for å tru på Gud? Kan salmar bety noko for unge idag?»

Slike spørsmål var aktuelle denne kvelden der konfirmantar frå Hyllestad og Høyanger nord- og sørside var samla.

Med Saman-teamet på besøk vart det band, talar, dans og aktivitetar. Dette var veldig kjekt for alle saman.

På nettsida til Bjørgvin bispedøme kan ein lese meir: Thor Haavik, som er kapellan i Salhus, er engasjert av Bjørgvin bispedøme for bl.a. å støtta opp om konfirmant- og ungdomsarbeid. Denne våren har han besøkt fleire kyrkjer. Tema for besøket har vore: «Gode grunner for å tro på Gud» og «Vandringen med Jesus som venn».

– Det var kjempekjekt med Thor på besøk! Han kommuniserer utruleg godt med konfirmantane og er jo definisjonen på eit vinnande vesen. Det er veldig kjekt at vi kan ha eit slikt forbilde i kyrkja med eit tydeleg Jesus-vitnesbyrd, seier kyrkjelydsdag Hogne Berland i Øygarden.

Her i Sogn og Fjordane vart det altså haust dei kom, kjekt at det lukkast!

Samlinga vart elles leia med stø hand av



prosjektmedarbeidar Anine Vieth Mildestvedt i Bjørgvin bispedøme. Kyrkjelydsdag Toril hadde henta inn god hjelp frå konfirmantforeldre og andre, då det vart servert framifrå pizzabollar.

For prest Karl, var det kjekt å møte att Thor, som hadde praksisplass ved Haraldsplass, den tidlegare arbeidssstaden til Karl.

For underteikna var det fint å komme innom denne kvelden. Sjølv har eg lese masteroppgåva til Thor om Jesu oppstode frå dei døde,



med stor interesse. Den hadde han med inn på Farmen, og har arbeidd grundig med dette sentrale tema for trua vår. Den ligg ute på nett, om nokon er interessert i å lese den.

Audun Systad

# Fin gullkonfirmantmarkering 19. september

Som så mykje anna vart og 50-årsmarkeringa dette året utsett. Det skulle ha vore i juni, men vart avvikla 19. september. Då vart det ei fin helg, og forutan gudstenesta på søndag, var det også ein tur til Dagsturhytta på lørdag for dei som kunne. Eit tiltak som vart sett pris på.

I alt vart det 14 som møtte fram til treffet. 29 vart konfirmerte i 1971, men tre av dei er no ikkje mellom oss meir. Det vart minna på gudstenesta søndag.

Mange fleire hadde lyst til å komme og somme sende helsingar. Gerd Anny, som ikkje kunne komme skreiv: «Vi er så heldige som får oppleve å bli 50-årskonfirmantar. Eg hugsar så godt den fine konfirmasjonsdagen, der vi ikleddde oss nysydde bunader (brukar den enno), sette opp håret etter alle kunstens reglar og spente gjekk til kyrkje. Eg helsar alle.»

Då konfirmantane vart presenterte i kyrkja gjekk og pratet lett. Det var ikke vanskeleg å få dei på gli og dele minne, både frå skule



Foto: Atle Inderøy

og kyrkje. Spørsmåsstilar og prest denne dagen, var ein av konfirmantane sjølv, Audun.

På gudstenesta, som var «Haustens påskedag», med tekstar om det kristne håpet, var det Ragnhild Stav som var organist. Ho nyttet flygelet, og det lydde fint. «Deg være ære Herre over dødens makt» var sangen til slutt.

Det var ein enkel kyrkjekaffi, men 50-årskonfirmantane drog så til Hotell Sognefjord på middag, god dessert og ei samling der også pratet gjekk lett. Kvar fekk fortelje

litt frå eige liv og dele minne. Atle Inderøy viste ein fin naturbilets serie frå Hyllestad med musikk til, sette ein ekstra spiss på samlinga.

Ein kjekk dag var over, men godt og møtast!

\*\*\*\*\*  
Slik var konfirmasjonsdatoane i 1971:  
**Bø kyrkje:**

**6.juni kl.11:** 8 konfirmantar  
**Øn kyrkje 13. juni kl.11:**

10 konfirmantar  
**Hyllestad kyrje 13. juni kl.14:**  
11 konfirmantar

## Mariahelg på Alværa misjonsenter, Lavik 2022

4.-6. mars 2022, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På

Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier.

Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte



god mat.  
Sidan det ikkje vart noko

av den planlagte Mariahelga i 2021, kører vi same tema som var planlagt i fjor; «Berekraft».

Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att».

Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregående. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

Spørsmål om helga/program -ta kontakt med Hanne Bildøy tlf 996 10 528, epost hanne@bildøys.no

# Kystpilegrimsleia – kva er det eigentleg?

I august 2020 var det ei fin hending i Askvoll.

Sunnivaseglasen frå Selje til Bergen stansa då her, og ei fin folkemengde var samla. Eit fint program var førebudd. Sunnivaskrinet vart ført til Bergen, og ein høgtida der 850-årsjubileet som bispesete.

Neste stopp var Korssund, der den nest største av dei store steinkrossane i Noreg står. No er det Fjaler kommune. Før høyrd som kjent, Korssund til Askvoll.

I Hyllestad vart steinkrossane hogne ut, av den hardføre steinsorten granatglimmerskifer. I høve seglasen var det og ei markering der, og kommunen gav ein mindre steinkross, som vart overrekt til Bergen by i høve jubileet.

Alle desse kommunane ligg ved norskekysten, som spela ei ganske viktig rolle, før og ved innføringa av kristendommen her i landet. Kysten var viktig, og sjøvegen nord til Trondheim var mykje brukt.

Kystpilegrimsleia er ganske ny. Den vart opna 8.juli 2018 av dronning Sonja på øya Selja, som alstår var det første bispesete i Noreg. Då vart den ein offisiell St. Olavsveg.

Arbeidet med ei kystpilegrimslei frå Rogaland til Trondheim starta allereie i 2010 som eit samarbeidsprosjekt mellom fem fylkeskommunar, fire bispedømmeråd og Riksantikvaren. etter modell frå den indre leia, eller leiene, frå Austlandet til Nidaros.

Eit viktig mål for prosjektet var å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten – med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader. Målet er å få i gang ei internasjonal reiselivssatsing

og gje ei djupare oppleveling av kysthistorie, pilegrimstradisjonar, kyrkjhistorie, samt dei kulturhistoriske aspekta rundt dette. Frå først av var det tenkt ei samanhengande lei, over sjø og land langs kysten, med merka lei over land. Dette gjekk ein bort frå. I staden har kvar fylkeskommune peika ut fem nøkkelstader (seks i Møre og Romsdal!), som dei meiner har stor kulturhistorisk verdi og særleg relevans i pilegrimssamanhang. Totalt er det altså 26 såkalla nøkkelstader langs kysten som utgjer kystpilegrimsleia.



## Nøkkelstadar


Her i fylket er det altså 5 nøkkelstadar: Eivindvik (Gulatingset), Hyllestad (Kvernsteinsparken), Svanøy, Kinn og Selja.

Slik ligg me her i Sogn og Fjordane om lag midtveis i leia mellom Egersund og Trondheim.

Det kunne sikkert vore fleire stader langs leia, som kunne blitt ein nøkkelstad. Vilnes på Atløy er ein slik, men det går an å ha arrangement likevel, som formidlar den interessante historia. Det samme gjeld Korssund. Begge desse stadane har det vore arrangement denne sommaren.

## Ei guidebok

Margun Pettersen skreiv i 2020 ei guidebok for Kystpilegrimsleia. Ho har reist



Biletet syner Nærviha ute på Atløy. Hit kom dei til Vilnes kyrkje og la båtane når det skjedde noko i kyrkja.

lei til endes mellom Egersund og Nidaros for å gjøre seg betre kjent med nøkkelstadene. Torsdag 20. februar 2020 vitja ho Kvernsteinsparken saman med Ellinor Bryne.

I guideboka skriv Margun Pettersen om kulturminne, attraksjonar, heilagstader og kva ein kan oppleve på dei ulike nøkkelstadene. Ho vil òg ta med oversyn over offentleg transport til/frå nøkkelstadene, overnattingssråder, kolonialbutikkar, matservering m.m.

Ved ein nøkkelstad kan ein få stempel i pilegrimsbrettet. For å få Olavsbrevet må du ha stempel frå minst 6 nøkkelstadar, når du kjem til Trondheim og Nidarosdomen.

I innleiinga i boka skriv ho: «*Kystpilegrimsleia innbyr til en vakker og spektakulær reise med mange og store kontraster. Havet i storm og stille. Stupbratte fjellsider i frådende skumsprøyt. Lune viker med blankslitte svaberg. Det barske og det milde, Brotsjør og myke bølgeskulp. Havørn. Fiskestim. Helligsteder og kulturminner*»

ligger som perler på en snor og forteller om byggingen av landet, kystkultur, levevilkår og kristningshistorien. Vi møter helgener og legender, kristningskongene Håkon den gode, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson, kongsgårder, klostre, tingstader, gamle steinkors, kirker og andre kulturminner. Vi får del i historien som har vært med å forme oss og vårt folk de siste tusen år. Båttrafikken over Nordsjøen var stor. Vikinger og handelsfolk ble kjent med den keltiske spiritualiteten som preget øyene i vest. Keltiske munker som søkte sjøveien, kom hit. Kelteerne var oppatt av naturen og knyttet skaperverket nært sammen med det åndelige. Denne spiritualiteten nådde norskekysten gjennom den kontakten.»

I tida som kjem ynskjer vi å få fram meir av denne historia lokalt. Det håpar me mange vil oppleve som spennnade. Kanskje ein ny dimensjon ved historie og tru kan opne seg for mange av oss.

Audun Systad

# «Som perler på ei snor» - Kystpilegrimsleia arrangement sommaren 2021

Til sommarnummeret av kyrkjeblad skreiv me om dei planlagde arrangementa.

Med det flotte sommarveret 2021, vart det ei glede å ha friluftsgudsteneste i samband med dette. Veret var godt over heile linja!



27. juni på Sørefjordshytta/Dagsturhytta var det soknepresten i Askvoll, Kjell Olav Høstaker Nordheim som leia gudstenesta. Organistvikar var Ingrid Nedrebø, som denne gongen hadde med fiolin, og gav vakre tonar i fjellheimen. Det vart ei fin stund, og om

ein var litt oppi dalen, så ligg gamle kvernsteinsbrot nær Dagsturhytta. Denne ettermiddagen var det mykje som føregjekk, men det var samla ein flokk rundt hytta, som viser seg å eigne seg godt for friluftsgudsteneste.



25. juli i Kvernsteinsparken og 1. august ved steinkrossen i Korssund var det gudsteneste der sokneprestane, Knut Arne Kummeneije og Audun Systad, stod saman og hadde tale og liturgi. I Kvernsteinsparken var det samla ein fin flokk, 35 stk.

på ein svært varmt dag, rundt 27 grader. Det er ikkje ofte det er så varmt! Audun talar over fri tekst, der han tok utgangspunkt i «Den gode skatten», og knytta det til steinkrossne og trua me fekk. Me sang «Deg å få skode», der ei av linjene lyder: «Du er min arv som varer til sist, himmelske konge det veit eg for visst.» Den er skriven på 700-talet i Irland, og kanskje vikingane høyrd den, då dei kom i vesterveg? Knut Arne sang og spelte gitar: «Har du fyr?» som og høvde godt denne dagen.



Foto: Joy Taylor. Korssund helga etter gjorde han og det, og hadde i tillegg med eit lite orkester, med son og svigerdotter og også organistvikar Ingrid. Denne søndagen var det samla 40-50 menneske, også nokre frå Hyllestad tok vegen dit ut. Det er verd å markere at steinkrossen der er nest størst i landet, og er hoggen i Hyllestad. Knut Arne heldt tale, og Audun orienterte om Kystpilegrimsleia.

# Orgelkonsert med Iver Kleive i Hyllestad kyrkje

Søndag, 6. mars 2022, kl. 18

Det er ikkje på kva som helst orgel Iver ønskjer å spele. Han har sett opp ei liste over dei 75 beste kyrkjeorgla i heile Noreg - og der er også Hyllestad kyrje sitt orgel oppført! Ein grunn til det er, at Hyllestad kyrje, i 2018, fekk montert eit JOHANNUS ECCLESIA D 450 med 54 stemmer + 14 orkesterstemmer, 3 manualar og 12 UL 2700 fulltone høgtalarar + 2 spesialbygde trykkammer basshøgtalarar. Johannus er Europas leiande produsent av digitale kyrkjeorgel. Eit digitalt orgel som dette, har kome veldig langt i å vera på høgde med eit pipeorgel i lydkvalitet, men til knapt 10% av kostnaden. Johannus digitale orgel reproduserer orgellyd frå dei beste pipe-orgla i Nord-Europa. Orgelet er spesialtilpassa (intonert for) kyrkerommet i Hyllestad.

Iver Kleive er fødd i Skien i 1949. Etter kantoreksamen ved Musikkonservatoriet i Oslo studerte han orgelspel ved Staatliche Hochschule für Musik i München, og avla tysk statseksamten (Solistenprüfung) i solistklassen for organistar.

Frå 1976 av har han vore fast organist i ulike kyrkjer og sidan 1988 dirigent og kunstnarisk leiar for Oslo Bach-kor. I tillegg har han også vore engasjert som solist med Oslo Filharmoniske Orkester, Kringkastingsorkesteret, Stavanger Symfoniorkester og Trondheim Symfoniorkester. Han har truleg spelt på alt som er av kyrkjemusikkfestspel.

Utanom sitt virke som organist, dreiv han også



Iver Kleive er ein av Noregs beste organistar og ein levande legende. 6. mars kjem han til Hyllestad for å spele på orgelet i Hyllestad kyrkje. Han aettar, som kanskje enkelte veit, frå Kleive i Hyllestad. Farfar som og heitte Iver Kleive, flyttet frå Kleive til Kalvåg i Bremanger.

anna musikalsk arbeid. Han har medverka i nærmare 200 plateinnspelinger som studiomusikar, komponist og arrangør. Kleive har sete i juryen ved fleire Spellemannpris-utdelingar. Og

I Hyllestad skal han framføre konserten «Bridge Over Troubled Water». Publikum kan forvente å høre Bach, Reger, Messiaen, Boellmann og fleire. Koret Fjordklang har fått lov å syngje «Kyrie» saman med Iver, noko som vil vere stor stas for koret! Set av dagen allere no og ta til å gleda deg til ein fantastisk konsert!

Kleive beskriv seg sjølv som ein improviserande musikar som ønskjer å veksle mellom klassisk og pop, folkemusikk og jazz. Orgelet og kyrja er likevel hovudinstrument og basis.

Kleive har gitt ut fleire solo-CDar, blant anna "Inferno" (1988), "Alle Menschen müssen

sterben" (1993), legendariske "Kyrie" (1995), "Juleevangeliet" (1998), Hyrdenes tilbedelse (2004) og "Requiem" (2008).

Hyllestad kommunestyre vedtok at frå og med 1.5.2021 vert kostnaden med feste av ei grav sett til 200 kr året.

Hyllestad kommunestyre gjorde vedtak i samsvar med framlegget frå Hyllestad sokneråd.

Gravferdsloven § 21.  
Vedtekter og avgifter, 2. ledd.

Avgifter for bruk av gravkapell, anonym minnelund, navnet minnelund, urnevegg, kremasjon og feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra gravplassmyndigheten.

Arrangørar er Hyllestad kommune, Hyllestad sokn, og Hyllestad Folkeakademie

# Ikkje plast på gravplassen

Plast i naturen er eitt av vår tids store miljøproblem. Alle vert vi oppmoda om å gjere det vi kan for å bøte på stoda. Også vi som kyrje må gjere vårt. Det går på mellom anna innkjøp og forbruk.

Noko soknerådet ikkje kan ta ansvar for, men gjerne vil appellere om hjelp til frå dykk alle, er å velje gode miljølösingar når de pyntar gravene til nære og kjære. Alle er vi glade for at det er velstelt og opplyst på gravplassen. Tradisjonen med lystenning er fin og ekte, men det er ikkje likegyldig kva lys du vel.

Reine plastlösingar og

gravlys med metallók, er ikkje bra for miljøet og vi må be om at det IKKJE blir brukt heretter. Bruk i staden lykter som varer, t.d. i metall, og som ikkje let seg lett flytte på.

Fuglar, særleg kråke og skjor, men også måsen, hakkar hol i plasten for å få tak i talg/stearin. Fuglane løfter også dei lettaste gravlysa og slepper dei ned for at dei skal bli knuste slik at dei får tak i innmatten. Dette kan gjere skade på dei treffer, i tillegg til å vere eit miljøproblem. Lette ledlys gir same problemet.

Fuglane spreier metallóka og plasten utover store

område. Plast som ligg ute i naturen forvitrar. Det er også grelle eksempel på at både plast, glas og metall er kome i dyrefor og vore årsak til liding og daude.

Brukte gravlys må plasserast i restavfall. Men ver klar over at ledlys inneheld tungmetall som er elektronisk spesialavfall og ikkje skal i restavfallet. Det må de kaste som spesialavfall i butikkane eller på ein av SUM sine stasjonar.

Vi ber deg om å ta miljøomsyn også ved andre ting du bruker som gravpynt.

Kyrkjeverje



Bufetat

**Har dere rom for en til i familien?  
Nå er det behov for flere fosterhjem  
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familiar med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem. Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på [fosterhjem.no](#)

## Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som hører ei verdig gravferd til.



Blomstertorget A/S  
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
[www.blomstertorget.no](http://www.blomstertorget.no)



## Kyrkjekontoret formidlar sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gammalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølve.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkjekontoret har katalogar som du kan låne. Du kan også besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/>

For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplassvedlikehald.

Kontakt: **Aslak Åm Sognnes tlf. 975 83 290**



## ÅM SOGNES BYGDESERVICE

### PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

### STEIN

- Beleggningstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

### LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 [www.aamsognnes.no](http://www.aamsognnes.no)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektrikar,  
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



## Lat oss realisere din bustaddraum!

Vi tilbyr:

- Hus og hytter frå Norgeshus
- Eigen prosjekteringsteneste
- Byggeleiing og prosjekteiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - [www.rylandbygg.no](http://www.rylandbygg.no) - [rylandbygg@norgeshus.no](mailto:rylandbygg@norgeshus.no)

# Velkommen til kyrkje

Sjå og heimesida vår. [www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no) for oppdatert informasjon.  
Der vil og offerføremål koma med, ettersom offerføremål ikkje er fastlagde  
i det bladet går i trykk.

19.12. 4. S. i advent	Eiklund	kl.11:30	
24.12. Julaftan	Bø Øn	kl.14:00 kl.16:00	Kirkens Nødhjelp Kirkens Nødhjelp
25.12. 1. Juledag	Hyllestad	kl.14:00	NMS
31.12. Nyårsaften	Hyllestad	kl. 15:00	Menneskeverd
09.01.	Bø	kl. 11:00	
23.01.	Øn	kl. 11:00	
30.01.	Hyllestad	kl. 11:00	Tårnagentgudsteneste
06.02.	Hyllestad	kl. 11:00	
20.02.	Hyllestad	kl. 11:00	
06.03.	Øn	kl. 11:00	
13.03.	Hyllestad	kl. 11:00	Samtalegudsteneste
27.03.	Hyllestad	kl. 11:00	
03.04.	Bø	kl. 11:00	
14.04. Skjærtorsdag	Hyllestad	kl. 18:00	Påskemåltid
15.04. Langfredag	Øn	kl. 11:00	Pasjonsgudsteneste
17.04. Påskedag	Hyllestad	kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste
23.04. (lørdag)	Hyllestad	kl. 11:00	Konfirmasjon
30.04. (lørdag)	Øn	kl. 11:00	Konfirmasjon
07.05. (lørdag)	Bø	kl. 11:00	Konfirmasjon
08.05.	Hyllestad	kl. 11:00	
17.05.	Hyllestad	kl. 11:30	
29.05.	Bø	kl. 11:00	
05.06. Pinsedag	Hyllestad	kl. 19:00	Høgtidsgudsteneste
12.06.	Øn kapell	kl. 16:00	Kl 12.00
19.06.	Alværa	kl. 11:00	Tur frå Skor til Øn
26.06.	Kv.parken	kl. 11:00	Gudsteneste, 40 års jubileum.

## Glede og sorg

### Døypte:

Øn: Ronja Espedal-Turvund

### DØDE:

Bø: Anders H.Sætevik f.1928

Harald Johannes Løland f.1942

Randi Lie f.1933

Hyllestad: Adrian Hatlem Rønneseth  
Alfred Hjelmeland  
Maiken Meier-Bygstad

Hyllestad: Odd Olav Løland f.1945

Mary Anne Holmeseth f.1957

Turid Aamot f.1950

Sverre Ness f.1953

Hyllestad: Marie Berge Sjølingstad  
og Robert Borlaug  
Elisabeth Sowerby Dale  
og William Anthun

Øn: Torgeir Sveinung Salbu f.1946

Steinar Jofred Gaddar Kverhellen f.1942

## INFORMASJON

Returadresse.

Kyrkjekontoret

Lifjordvegen 7

6957 Hyllestad



### Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

### Hyllestad sokneråd 2019 – 2023

#### Faste medlemer:

Linda Ølmheim  
Reidun Skår  
Steinar Urnes  
Anny Dale Fureli  
Liv Synnøve Andersen  
Brit Inger Skaar

#### Varamedlemer:

1. Atle Tonning
2. Odd Takle
3. Magnhild Hofland
4. Kurt Arve Kjos
5. Rune Risnes

## Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: [www.hyllestad.kyrkja.no](http://www.hyllestad.kyrkja.no)

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungdomsarbeid: 3705.30.96396

#### KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde • Kontortdag tysdag

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjesesekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Karl Hjelmeland

E-post: KH882@kyrkja.no - Mobiltelefon: 954 08 048

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

Seniorprest/sokneprest i Sunnfjord prosti: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon 971 55 237

Tilgjengeleg for samtale m.m.

#### I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad - Mobiltelefon: 952 23 549

#### UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

#### HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Linda Ølmheim - Mobiltelefon: 976 20 937

#### KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as

## Innhogging av nye namn og oppfrisking av skifta på gravminne



Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på

tlf. **975 83 290**

E-post: [post@hyllestad.kyrkja.no](mailto:post@hyllestad.kyrkja.no)

Vi formidlar og sal av nye gravminne frå Nergård Steinindustri.